



Frank Borge
Davangervegen 315
5310 HAUGLANDSHELLA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/9889 - 20/36058

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
15.06.2020

Foreløpig svar - gbnr 357/42 Sætre

Tiltak: Utsleppsløyve
Byggjestad: Gbnr: 357/42
Tiltakshavar: Frank Borge
Ansvarleg søkjar: Fløysand Va AS

Kommunen viser til søknad om utsleppsløyve for etablering av slamavskiljar mottatt 18.05.2020.

Mottakskontroll.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. forureiningsforskrifta § 12-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nabovarsling - NB Frist 4 veker etter forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.
2. Tømming frå båt – skriftleg avtale med godkjent firma må liggja føre og sendast Alver kommune før løyve vert gjeve.
3. Godkjenning frå Bergen og Omland Havn for utlegging av leidning i sjø må liggje føre før arbeida kan starta opp.

Alver kommune kan ikkje sjå at det ligg føre søknad om løyve til tiltak etter Plan- og bygningslova § 20-1a.

Etablering av reinseanlegg krev søknad om løyve til tiltak med krav til ansvarsrett for funksjonane SØK (søkjar), PRO (prosjekterande) og UTF (utførande).

Frist

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.08.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fløysand Va AS
Frank Borge

Fløksand
Davangervegen 315

5918
5310

FREKHAUG
HAUGLANDSHELLA